



Morten Nilsen - drivar også i år (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld klokka 19 blir det høve til å få veta meir om og sjå meir til SYSTRENE NILSEN - i dobbelt tyding. Då opnar det nye vertskapet ved den tidlegare Vertshuset dørene.

Både eigarane Frøydis Nilsen Mathisen og Gunnhild Nilsen Hillestad stillar opp saman med slektning og drivar Morten Nilsen.

Møtet er eit innslag i serien Dialogforum og det er ope for alle.



[Systrene presenterer restauranten måndag](#)

Trioen vil orientera om planane - både starten som no skal skje og korleis dei har tenkt å leggja det heile opp i kommande sesong og framtidige sesongar.

Det er elles viktig at alle med næringsinteresse møter fram måndag.

Dei vil mellom anna få, veta meir om klagjeringa foran sommaren, om tiltak og forbetringar etter spørjeundersøkinga dei to siste somrane, større arrangement i sommar, Uskedalen og omdøme og andre saker som dei frammøtte finn aktuelle.

Dette med omdøme er ikkje minst eit spanande og spesielt tema og her har Kjell Yri og Kristian Bringedal observasjonar og synspunkt å komma med. Kva synest folk eigentleg om bygda vår?

Av Ola Matti Mathisen